

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.02.2017
FRÅ: Kst. administrerende direktør Ola Rye
SAKSHANDSAMAR: Kst. Økonomisjef Tor Erik Tveit
SAKA GJELD: **Arbeid med hovudavtale med sjukehusføretak**

STYRESAK: 003/17
STYREMØTE: 01.03.2017

Administrerende direktør si orientering punkt 7

Bakgrunn

Hovudavtalene mellom Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) og sjukehusføretaka i region vest er frå 2010 og gjeld fram til ny avtale vert utarbeid. Det er behov for å revidere avtalane. Arbeidet vart starta i 2015 men sett på vent i påvente av konklusjon frå utredning om nasjonalt sjukehusapotekføretak i 2016. Konklusjon frå utredninga er at SAV forset som eige føretak i Helse Vest. Administrasjonen i SAV ser det derfor som naturleg at arbeidet med ny hovudavtale vert teken opp på nytt.

Tidsplan og ressurser

Arbeidet som starta i 2015 vil bli lagt til grunn og ein vil difor starte med å samle informasjon frå dette arbeidet. Ein ser føre seg ein avtalestruktur som tilsvarar avtale som Helse Vest Innkjøp etablerte våren 2016 med sjukehusføretaka. Denne bygger på ein felles regional hovudavtale med vedlegg for tenestekatalog og føretaksspesifikke vedlegg etter behov.

Det er skissert fire fasar i arbeidet:

1. Informasjonsinnhenting; januar - februar 2017
2. Utarbeiding av utkast til regional mal; mars - april 2017
3. Regional arbeidsgruppe (representasjon frå kvart føretak) for utarbeiding av regional mal; april - juni 2017
4. Føretaksvis arbeid med vedlegg til regional hovudavtale; august – oktober 2017

Utkast til avtale samt regional og føretaksvis arbeidsgrupper vil bli gjennomført med bistand frå Sykehusinnkjøp divisjon vest med omsyn til å fasilitere prosessen og skrivehjelp på avtaletekst.

Frå sjukehusføretaka er det behov for at kvart føretak stiller med ein representant i regional arbeidsgruppe. Representanten bør ha kjennskap til dagens samarbeid samt ha ei rolle i sjukehusføretaket som kan forankre avtalearbeidet hjå leiinga i føretaket. Tilsvarende vil og gjelde for arbeidet med den foretaksvisе delen.

Frå SAV vil AD delta saman med støtte fra staben i foretaksadministrasjon samt apotekar etter behov. Spesielt i fase 4 for foretaksspesifikke avtalevedlegg er det nødvendig og naturleg å trekke på apotekar i arbeidet. Dette for å sikre god forankring og dialog mellom leverande apotek og mottakande sjukehusforetak.

Arbeidsform

Arbeidet vil bli organisert med ei kjernegruppe i SAV leia av Økonomisjef og med deltakara frå fagavdeling i SAV og bistand frå Sykehusinnkjøp. Denne gruppa vil ta ansvar for å innhente informasjon og utarbeide utkast til regional avtalemal (fase 1 og 2). I det vidare arbeidet vil det være behov for arbeidsmøter med representantar frå sjukehusføretaka (fase 3 og 4). Mellom arbeidsgruppene vil det være arbeid i kjernegruppa med å innarbeide innspel frå arbeidsmøtene. I fase 3 ser ein føre seg 2 arbeidsmøter med regional arbeidsgruppe og i fase 4 anslagsvis 1-2 arbeidsmøter med kvart føretak.

Det er vidare naturleg å orientere både styret og regionalt direktørmøte om prosess og resultat av arbeidet underveis.

Føringar for arbeidet.

Ny hovudavtale vil bygge på føringar frå regional strategiplan Helse 2035, styringsdokumenter frå Helse Vest RHF til SAV og sjukehusføretaka samt strategiplanar for SAV og sjukehusføretaka.

Endring frå tidligere arbeid

Sidan forrige hovudavtale har SAV har etablert ny tjenestekatalog. Denne vil danne eit viktig utgangspunkt for konkretisering av aktuelle tenester i tillegg til leveranser av legemidler og andre apotekvarer som følger av det sørge-for ansvaret som er tillagt sjukehusapotekføretaket.

Dagens avtale dekkjer eit bredt spekter av leveransar og samarbeidsområder (inkl. leige av lokalar, telefoni, parkering, reinhald etc.) mellom SAV og sjukehusføretaka. I ny avtale tar ein sikte på at avtalen set fokus på leveransene frå SAV og samarbeidsfora for styring og oppfølging av samarbeidet. Andre avtaleområder som leige av bygg, reinhald osv. legg ein til grunn at kan dekkast med eigne avtalar (noko som og delvis er gjort i nokre føretak).

Erfaring frå samarbeidet i dei ulike sjukehusføretaka vil være eit viktig innspel til formulering av behov, konkretisering av leveransar, kapasitet og kompetanse. Det blir derfor viktig at både SAV og sjukehusføretaka bidreg med innspel på arbeidet.